

ÅRSMELDING FOR ROGALAND MÅLLAG 2022

Rogaland Mållag hadde ved inngangen til 2022 1.333 medlemmer. Eit tal som auka til 1287 ved inngangen til 2023.

Årsunderskotet var på kr 47 123,84 og blir trekt frå eigenkapitalen for laget.

1. STYRET

Rogaland Mållag hadde i 2022 dette styret:

Einar Schibevaag	leiar
Terje Fatland	nestleiar
Lise Østebø	styremedlem
Atle Brandsar	varamedlem

Revisor: Arne Kleppa

Valnemnd: Arne Kleppa, Stian Ravndal og Anne Elise Winterhus. Vara: Oda Thorbjørnsen

2. ARBEIDSPROGRAM 2022

- Fylkeslaget vil tilby lærarar i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen ei innføring i antologien Vegar ut til alle kantar med tilhøyrande nettbaserte undervisningsressursar.
- Notat om målbyte i den vidaregåande skulen adressert til Rogaland fylkeskommune (29.01.2021) må følgjast opp.
- Fylkeslaget vil halda fram arbeidet omkring eit Lølandssenter.
- Alle lokallag skal ha ein kontaktperson i styret i fylkeslaget.
- Fylkeslaget vil saman med lokallaga arbeida for å auka talet på medlemmer slik at me når målet om 1500 medlemmer i Rogaland innan neste fylkesårsmøte i 2023.
- Rogaland Mållag vil invitera Karmsund Mållag til eit tettare samarbeid om oppgåvene i fylket.

3. STYREMØTE

Det har vore 6 styremøte i 2022 inklusive årsmøtet i Stavanger.

4. ÅRSMØTE 2021

Laurdag 26. mars 2022 var det årsmøte for 2021 på Stavanger City Hotell i Stavanger. Hovudtema var «Koss mobilisera lokalledda i organisasjonen» ved nestleiar i NM, Synnøve Marie Sætre.

På møtet blei det vedtatt vedtektsendringar for Rogaland Mållag. Det innebar at styret blei redusert til tre medlemmer med eit varamedlem, der varamedlemmet har møteplikt og stemmerett.

Hovudtanken med ei slik endring er at det skal forplikta og engasjera styremedlemmene i sterkare grad.

5. MÅLPRISNEMND

Det blei i 2022 etablert ordning med målprisnemnd med vedtekter.

Nemnda har 3 medlemmer. Leiar av nemnda er til ei kvar tid leiaren av Rogaland Mållag.

Nemnda skal vurdera kandidatar til Rogaland Mållag sin årlege målpris og føreslå kven som skal få prisen.

6. MÅLPRIS 2021

Målprisen for 2021 blei delt ut 20. oktober på Ledaal til Anne Elise Winterhus.

7. SKRIVANDE MENNESKE I RYFYLKE

Ryfylkemuseet utfordra i 2022 Rogaland Mållag til å laga liste over forfattarar og skrivarar i Ryfylke. Styret tok utfordringa og lista blei på 137 namn/personar og fleire av desse er med i årboka til museet: «Folk i Ryfylke».

8. VEGAR UT TIL ALLE KANTAR

Det har vore arbeidd med å distribuera og profilera prosjektet «Vegar ut til alle kantar» i 2022. Læremiddelet er blitt utvida med at det er lese inn lydbok. Vidare arbeider me for å få prosjektet organisert inn i «Den kulturelle skulesekken».

9. FYLKESKOMMUNEN OG NYNORSKBUK I VIDAREGÅANDE SKULE

Rogaland Mållag sende skriv til fylkeskommunen og bad om status for arbeidet med å følgja opp fylkestingsvedak frå 11. desember 2018.

Dette blei følgt opp ved at nestleiar hadde møte med leiar av opplæringsutvalet i fylkeskommunen, Solveig Ege Tengedal, og fekk då tildelt notat om status.

Fylkestinget i Rogaland gjorde i desember 2022 slikt vedtak:

«Fylkestinget er nøgd med at der gjennomført ei rekkje tiltak for å fremja nynorsk og eit godt og klart språk i Rogaland fylkeskommune dei siste åra. Fylkestinget ber fylkesdirektøren syta for at arbeidet held fram også i åra framover. Fylkesutvalet

ynskjer å få framlagt ei årleg oversikt over talet på elevar som vel å halda på nynorsk som målform når dei tek til på vidaregåande.»

Styret har i 2022 arbeidd med å utvikla eit prosjekt der ein i samarbeid med Noregs Mållag og andre, kan driva kontinuerleg arbeid i skulane i Rogaland for å styrkja bruk av nynorsk. (jamfør forslag til handlingsplan for 2023).

10. STØTTE FRÅ NOREGS MÅLLAG

Rogaland Mållag fekk i 2022 ekstraløyving på 115.000 kroner til generelt arbeid. Det er styret svært takksame for og tek det som prov på at Noregs Mållag meiner det blir arbeid godt i Rogaland.

Rogaland, 14. mars 2023

Einar Schibeavaag

Terje Fatland

Lise Østebø

Atle Brandsar

Rekneskap 2022

ROGALAND MÅLLAG

REKNEKAP 2022

INTEKTER	REKN 2022	REKN 2021	%
Medlemspengar	64 350,00	66 650,00	-3 %
Stenad fylke	0,00	0,00	
Årsmøte	12 750,00	37 443,50	-66 %
Jubileumsinnsamling	0,00	1 000,00	
Nynorskprosjekt ¹	113 784,00	50 000,00	128 %
Andre inntekter ²	36 643,00	240 449,72	-85 %
SUM INNEKTER	227 527,00	395 543,22	-42 %
KOSTNADER			
Styrearbeid	1 980,88	7 035,25	-72 %
Kontortjenester ³	16 079,00	32 112,87	-80 %
Årsmøte	20 430,92	43 691,00	-53 %
Mate & kurs	-211,00	2 049,00	-110 %
Landsmøte	8 349,00	0,00	
Andre kostnader ⁴	206 975,00	255 900,00	-19 %
Jubileum	0,00	30 086,49	
Gåver & stenad	0,00	10 000,00	
Nynorskprosjekt	0,00	0,00	
Målprisen	0,00	900,00	
Gebyr	1 083,00	2 364,00	-54 %
SUM KOSTNADER	254 686,60	384 148,61	-34 %
Avskrivningar	0,00	0,00	
DRIFTSRESULTAT	-27 159,60	11 394,61	
FINANS			
Finansinntekter	6 186,76	3 668,64	69 %
Finanskostnader ⁵	26 161,00	0,00	
Avskrivningar	0,00	0,00	
NETTO FINANS	-19 964,24	3 668,64	-644 %
ÅRSRESULTAT	-47 123,84	15 063,25	

¹ Prosjektmidlar frå NIM for bilak nynorskvever.

² Titakol kurs Studieforbundet 20 920, Saig av antologi 12 460, Aksejbyttje Fonna Forlag 2 360, Tippemidar 903.

³ Web-domene og pedagogisk tilrettelegging undervisningsopplegg.

⁴ Forfalltarhonorar antologi 97 500, Kjøp av antologi 67 600, Værvekol Hå 35 750, Kjøp Årbok Rytte/Museum 6 125.

⁵ Verdtpap Skagen Fondene.

ROGALAND MÅLLAG

BALANSE

EIGEDLAR	31.12.2022	31.12.2021
OMLØPSMIDLAR		
DNB Brukskonto	121 536,46	137 137,46
SR-Bank Brukskonto	76 589,00	444 365,31
SR-Bank Sparekonto	10 745,86	10 673,86
DNB Rentefond	46 481,31	47 041,04
Skagen Fondene	323 849,00	0,00
Felleskjøpet	267 727,08	262 714,08
Målrøisingsfondet	12 000,00	12 000,00
Fordringer	64 350,00	66 650,00
SUM OMLØPSMIDLAR	925 278,72	961 402,56
ANLEGGSMIDLAR		
Aksjar Dag og Tid	1 100,00	1 100,00
SUM ANLEGGSMIDLAR	1 100,00	1 100,00
SUM EIGEDLAR	926 378,72	962 502,56
GJELD OG EIGENKAPITAL		
GJELD		
Kortsiktig gjeld	0,00	9 000,00
EIGENKAPITAL		
Eigenkapital	973 502,56	958 439,31
Årsresultat	-47 123,84	15 063,25
SUM EIGENKAPITAL	926 378,72	973 502,56
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	926 378,72	962 502,56

Verdtpap 12/17-23